



Til deg som
arbeider i
barnehagen



Gjennom ord blir verda stor

- kampanje for nynorsk i barnehagen

Mållaget vil gjerne at born over heile landet skal oppleve både nynorsk, bokmål og ulike dialektar i barnehagen. Vi meiner det er ein styrke å bruke heile det språklege mangfaldet som vi finn i og rundt barnehagen. Born utviklar ei forståing for ulike språktradisjonar når dei vaksne er gode rollemodellar.

Vi vil at born som veks opp i nynorskområde, skal bli trygge i nynorsken så tidleg som mogleg. Og for born som har sin barndom i meir tradisjonelle bokmålsområde, er det viktig at dei møter nynorsken i bøker, songar og leikar. På den måten vert dei vande med at nynorsken er ein del av språkmangfaldet i Noreg.

Kunnskapsdepartementet har gjeve ut *Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen*, og der er det eit eige kapittel om språkmiljøet og språkleg mangfald i barnehagen. Dette heftet er sendt ut til alle barnehagar, og er råd å laste ned på nettet.

For å få fram ei drøfting om nynorsk og dialekt i barnehagen, kan desse spørsmåla vere til hjelp:

- Korleis er det språklege og kulturelle mangfaldet hjå oss?
- Korleis merkar vi at borna er interesserte i språk?
- Kva gjer vi for å utnytte det språklege mangfaldet og borna sine språkinteresser?
- Kva slag songar lærer borna? Lærer dei nokon songar på nynorsk?
- Har barnehagen barnebøker på nynorsk?
- Les vi tilsette nynorske barnebøker på nynorsk eller omset vi dei til bokmål?
- Kva språk bruker barnehagen i utoverretta informasjon?

Inspirasjon

- Temahefte frå Kunnskapsdepartementet: www.lesesenteret.no
- Songar, rim og regler: www.tunkatten.no/
- Nynorske barnebøker: www.blamannbok.no/
- Boktips: www.nynorskbok.no/
- Fleire tips: www.nynorsksenteret.no/lesformeg

Kulturavisa Pirion

Ei kulturavis som særleg er retta inn mot tilsette i barnehagar og i barneskulen. Pirion kjem ut åtte gonger i året og kostar 225 kroner for eit heilt år. Send e-post til pirion@norsk-plan.no eller ring 52 79 04 82.

Pirionkurs

Rettar seg mot det pedagogiske personalet og har som føremål å styrkje barnehagen si rolle som kultur- og språkformidlar. Pirionkurset gjev idear og inspirasjon til det praktiske arbeidet. Les meir på www.pirion.no eller send e-post til: pirion@norsk-plan.no.



Materiell

Gjennom ord blir verda stor er Mållaget sin kampanje for nynorsk i barnehagane. Om du har lyst til setje fokus på språkmangfald og nynorsk i barnhagen din, så er det råd å tinge gratis materiell:

- *God lesestart!* Hefte med tips til nynorske barnebøker
- Teiknehefte med songar og rim
- Eige infoark til foreldre med born i barnehagen
- Jakkemerke og ballongar
- Eit skriv med gode framlegg til aktivitetar

Vil du ha materiell til din barnehage eller meir informasjon?
Tykkjer du dette er ei viktig sak? Bli gjerne medlem i Noregs Mållag.
Send e-post til hege.lothe@nm.no, eller ring 23002930 eller sjå innom nettsida: www.nm.no



Gjennom ord
blir verda stor



Mange røyster
– felles mål